

Vedtekter for Jul i Rosendal

Oppdatert versjon vedteke på ekstraordinært årsmøte 20.08.2018.

1. Organisasjon

Jul i Rosendal er ein sjølvstendig organisasjon skipa 26.august 2009.

Organisasjonsnr: 994466410

Forretningsadressa er Pb 187, 5486 Rosendal.

E-post: post@julirosendal.no

Heimeside: julirosendal.no

2. Føremål

Jul i Rosendal har som føremål å skipe årleg julemarknad i Rosendal.

Saman med lokale samarbeidspartar skal marknaden:

- Vise mangfaldet av handverk og matproduksjon i området.
- Ivareta eigenart og tradisjon samstundes som ein er framtidsretta og formidlar trendar innan handteverks og lokalmatproduksjon.
- Legge til rette for sal av handverksprodukt og lokalmatprodukt.
- Presentere utstilling/ar og tilby kurs i høve føremålet i samband med marknaden.
- Skape positiv aktivitet i Kvinnherad og merksemd rundt Rosendal og omegn.

3. Medlemmer

- Alle som støttar punkt 2 kan vera medlemmer i Jul i Rosendal.
- Medlem kan vera ein person eller eit føretak eller eit enkeltmannsforetak.
- For å verta medlem må ein melde seg til arbeidsutvalet, registrere namn og e-post adressa si og betale fastesett kontingent.
- Alle medlemmer har røyserett og kan stille til val for tillitsvern i organisasjonen.
- Alle medlemmer pliktar å følgje føremålet for organisasjonen når dei er i arbeid for organisasjonen.
- Medlemmer av Jul i Rosendal har førerett ved tildeling av marknads plass dersom ein fyller føremålet med marknaden og melder seg på innan fristen for påmelding.
- Medlemskapet varer til ein melder seg ut skriftleg eller på e-post til post@julirosendal.no

4. Kontingent

- Kontingenten vert fastsett av årsmøtet.
- Innbetalt kontingent vert ikkje refunder ved utmelding.

5. Årsmøte

- Årsmøte er organisasjonen sitt høgste avgjeringsorgan
- Årsmøtet vert halde innan utgangen av februar.
- Årsmøtet vert sett av arbeidsutvalet med minst tre vekers varsel.
- Innkallinga vert gjort offentleg på heimeside og facebook og ved e-post til medlemmer.
- Medlemmene kan fremje saker til behandling på årsmøtet. Inkomne saker skal handsamast av arbeidsutvalet. Saka må vera arbeidsutvalet i hende seinast to veker før årsmøtet.
- Arbeidsutvalet si årsmelding, rekneskapan og eventuelle inkomne saker sendast medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.
- Årsmøtet er vedtaksføre med dei medlemmene som møter.

6. Representasjon/røysting:

- På årsmøtet stiller Jul i Rosendal sine medlemmer. Møtet er opent for alle. Berre medlemmer i Jul i Rosendal har tale og røyserett.
- Kwart medlemskap representerast med ein røysteberettiga person.
- Årsmøtet kan elles gje taletid til dei dei måtte ønskja.
- Med mindre anna er bestemt er eit vedtak gyldig med alminneleg fleirtal av dei gitte stemmene. Blanke stemmer vert sett på som ikkje gitt. Val kan krevjast skriftleg om det ligg føre meir enn eit forslag.

7. Dagsorden for årsmøtet:

- Godkjenning av innkalling
- Val av møteleiar
- Val av referent
- Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen
- Godkjenning av årsmelding
- Godkjenning av rekneskap
- Vedta budsjett
- Behandle innkomne saker
- Val av nye medlemmer til arbeidsutvalet.

8. Ekstraordinært årsmøte

- Ekstraordinært årsmøte kan verta halde om arbeidsutvalet eller eit eller fleire medlem som tilsaman utgjer minimum 1/3 av medlemmane ønskjer det.
- Ønskje om ekstraordinært årsmøte vert handsama av arbeidsutvalet som førebur og kaller inn til møtet.
- Innkalling og fristar er som ved ordinært årsmøte.
- Saker til handsaming er kun dei som er kunnngjort i innkallinga.

9. Arbeidsutvalet

- Er Jul i Rosendal sitt høgste mynde mellom årsmøta og skal setje i verk årsmøtet sine vedtak.
- Er representantar for Jul i Rosendal utad.
- Har leiar og minst tre medlemmer.
- Medlemmene i arbeidsutvalet mottok ikkje løn for arbeid i arbeidsutvalet.
- Skal administrere og føre kontroll med organisasjonen sin økonomi.
- Pliktar å følgje beredskapsplan etter kommunale føresegner og melderutiner ved arrangement i organisasjonen sin regi.
- Kan opprette undergrupper der det er behov for det.
- Leiar og eit medlem i arbeidsutvalet har prokura og signaturrett.
- Møte i arbeidsutvalet vert det når ein eller fleire av medlemmene i utvalet ber om det.
- Er vedtaksføre når minst tre er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gitte stemmene. Leiar har ved likt stemmetal, dobbeltstemme.

10. Vedtektsendring

- Vedtektene kan berre endrast etter årsmøtevedtak på ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte.
- Sak om vedtektsendring skal ha vorte handsama som beskrive for innkomne saker til årsmøte.
- 2/3 fleirtal av dei gitte stemmene må til for å vedta vedtektsendring.

11. Oppløysing

- Vedtak om oppløysing av Jul i Rosendal eller overdraging av eiga, kan berre gjerast i årsmøte der 2/3 av medlemmene er representert, og minst 2/3 av dei møtande røyster for oppløysinga eller overdraginga.
- Er ikkje 2/3 av medlemmene til stades på årsmøte ved fyrste gongs innkalling kan det kallast inn til nytt møte.
- Oppløysing av Jul i Rosendal eller overdraging av eiga kan då vedtakast ved minst 2/3 fleirtal av dei møtande røystene i møtet.
- Innkalling til årsmøte med oppløysing eller overdraging av heile eiga må ha ei frist på minst ein månad.